

# Retningslinjer for skuleskyss i Gol kommune

Evaluert hausten 2020. Politisk behandling i UKL i 13. oktober 2021. Vedteke i kommunestyret 26. oktober sak 82/21. Jnr 2021/2331

## 1. Innleiing

Retningslinjene viser korleis kommunen praktiserer lovverket for skuleskyss i kommunen. Retningslinjene har i seg både folkehelse-, lærings- og trafikktryggleiksperspektiv. Retningslinjene for skuleskyss i Gol er ikkje uttømmende for all skyss. Opplæringslova § 13-4 omhandlar fordeling av ansvaret for skuleskyssen mellom kommunen og fylkeskommunen.

Gol kommune har alt ansvar for eventuell skyss innanfor grensene for 2 km og 4 km når det gjeld særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Fylkeskommunen har alt ansvar for skyssen som overstig 2 km og 4 km mellom heimen og skulen.

Den skyssen som Buskerud Fylkeskommune har ansvar for, og som fylkeskommunen har delegert til Buskerud Kollektivtrafikk A/S (Brakar), er omtala i Brakar sine retningslinjer. Det er også fylkeskommunen sitt ansvar å vurdere om det er særleg farleg eller vanskeleg skuleveg mellom heimen og haldeplass for buss eller drosje.

### **Opplæringslova § 7-1 Skyss og innlosjering i grunnskolen**

*«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»*

### **Kommentarane til Opplæringslova §7-1 pkt 3**

*«Om skoleveien er særleg farlig eller vanskelig skal blant annet vurderes ut fra skoleveiens tilstand, klima, trafikkforhold, og forhold knyttet til den enkelte elev. Det skal foretas en konkret vurdering knyttet til den enkelte elev. Elevens alder og modenhet kan f.eks. være avgjørende for om skoleveien er særleg farlig (...).Loven krever at elevene utsettes for en fare som er utenom det vanlige. Den risiko skoleelever til vanlig utsettes for når de ferdes i trafikken er derfor ikke tilstrekkelig.»*

### **Opplæringslova § 7-3.**

*«Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.»*

## 2. Bakgrunn

### **Folkehelseperspektivet**

Lov om folkehelse pålegg kommunane å fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold (§ 4). Ut frå ei oversikt over utfordringar for folkehelsa skal kommunen setje i verk nødvendige tiltak for å møte desse (§ 7). Det er eit nasjonalt mål å auke dagleg aktivitet blant barn og unge (Helsedirektoratet, 2008). Kommunen kan mellom anna bidra med

tilrettelegging, informasjon, rettleiing og råd, men det er likevel kvar enkelt som må ta ansvar for å vera meir fysisk aktiv i kvardagen.

Det er eit mål at flest mogeleg går eller sykklar til skulen, uavhengig av årstid. Det er heilt unntaksvis at det blir innvilga vinterskyss for elevar som bur innanfor skyssgrensene. Aktiv transport (gå/sykle) til skulen er viktig både for fysisk og psykisk helse.

## **Læringsutbytte**

Å kunne gå eller sykle til skulen er eit gode. Det gir betre helse, betre læring og det er sosialt.

Forsking viser at fysisk aktivitet både gir betre skulemiljø og fremjar skuleprestasjonar (Bedre Skole nr. 2, 2012). Ei aktivitetsøkt før skulestart gir betre konsentrasjon heile skuledagen. Mål for grunnskulen i Gol (K-sak 57/11) – læringsmiljø pkt 5: Fysisk aktivitet skal fremje konsentrasjon, uthald og trivsel. Eitt av tiltaka her er dagleg fysisk aktivitet. Skulevegen er dessutan også ein arena for sosial utvikling.

## **Trafikktryggleik**

Foreldrekøyring til og frå skulen for elevar som ikkje har rett til skyss etter opplæringslova, skapar utrygge situasjonar i skuleområdet og på skulevegen. Det er heller ikkje ynskjeleg verken ut frå eit folkehelseperspektiv eller av miljøomsyn. Er det fleire som går, blir det færre bilar på skulevegen. Det gjer nærmiljøet til skulen tryggare og meir triveleg.

Foreldre har hovudansvar for opplæring av eigne born i trafikken. Trygg trafikk tilrår at foreldre øver på skulevegen med barna. Skulen har ansvar for rutinar på busshaldeplass ved skulen, og kan øve på trafikkåtferd i skuleområdet.

## **3. Retningslinjer**

1. Skuleelevar i grunnskulen i Gol kommune skal ha skyss i samsvar med Opplæringslova kap. 7
  - 1. årssteg har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 2 km. Det er kortaste gangbare, alminneleg farbar veg som skal leggjast til grunn.
  - 2.-10. årssteg har rett på fri skuleskyss dersom skulevegen er over 4 km. Det er kortaste gangbare, alminneleg farbar veg som skal leggjast til grunn.
  - Elevar som må ferdast langs skuleveg som i retningslinene er definert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, har rett til fri skyss, sjølv om avstanden er kortare enn 2 km og 4 km mellom heim og skule. Kryssing av riksveg i 80 km fartsgrense blir rekna som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for alle elevar i grunnskulen.
  - I tilfelle der vegen ikkje er definert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, men føresette likevel meiner at barnet har behov for skyss, må det søkjast særskilt om dette.
  - Elevar som har rett til skyss etter Opplæringslova § 7-3 må leggje fram sakkunnig uttale frå lege eller anna sakkunnig instans.
2. Elevar som har rett til skyss på grunn av avstand heim-skule, er Buskerud Fylkeskommune sitt ansvar.

3. Vegar i sentrum og bustadområde der det er naturleg at elevane ferdast, er vurderte til å ikkje vera særleg farlege eller vanskelege vegar. Desse er ikkje nemnde ytterlegare i retningslinene. Dei strekningane som er omtala, er vurderte frå Gol skule og 4 km utover. Frå Gol skule er det slik avstand (målt frå inngangsdør, via gangveg ut på køyreveg):

vegnummer	km	Grense for rett til skuleskyss etter §7-1	Fartsgrense	Gang og sykkelveg/fortau	Gatelys
a. Fv 51	2	Rett ovanfor Valdresvegen nr 222	50/80	Opphøyrer ved Petterbråten	
Fv 51	4	Rett nedanfor Valdresvegen nr 445	80		
b. Rv 52	2	Hemsedalsvegen nr 240	50	X	X
Rv 52	4	Hemsedalsvegen 400	80	X Opphøyrer ved Spildra	X
c. Fv 2916	4	Tuppeskogvegen 306	60	X Opphøyrer ved Steinmoen	
d. Fv 2916	2	Tuppeskogvegn 104	50/60	X	X
e. Rv 52/rv7	2	Rotneimvegen 49	60/80	X	X
Rv 52/rv7	4	Rotneimvegen 259	80	X	
f. Rv 7	2	Gol Bakeri	50	X	X
Rv 7	4	Ruståne Gol Campingsenter	60	X	X
g. Møllebakken	2	Gol kyrkje		X	
h. Haugstadgutu	4	Hallingdal Folkehøgskule via Møllebakken, Heslasvingen og Haugstadgutu	50/60	X Opphøyrer ved Gol kyrkje	
i. Søre Øygardsveg	4	Kyss Søre Øygardsvegen-Langesetvegen via Møllebakken og Heslasvingen <b>2.-7. trinn</b>	50/60	X Opphøyrer ved Gol kyrkje	
j. Søre Øygardsveg	4	Søre Øygardsveg 214 Via Mølle-bakken. <b>8.-10. trinn</b>	50/60	X Opphøyrer ved Gol kyrkje	

Vurdering av særleg farlege eller vanskelege vegparsellar:

- Fv 51 har gangveg frå skulen og opp til Petterbråten bustadfelt. Her er det også 50 km fartsgrense. Frå Petterbråten og vidare oppover er det 80 km fartsgrense. Frå det punktet Fv 51 ikkje har gangveg, blir vegen rekna som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for alle elevar i grunnskulen.
- Rv 52 har 50, 60 og 80 km fartsgrense på dei aktuelle strekningane. Det er gangveg langs store delar av strekningen. Det same gjeld gatelys. Denne delen av strekningen er ikkje rekna som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Frå Spildra er det ikkje

- gangveg langs riksvegen. Strekingen mellom Spildra og Øygardane er vurdert som særleg farleg og vanskeleg skuleveg for alle.
- c. Fv 2916 Spildra – Rotneim har 60 km fartsgrense. Det er 50 km fartsgrense ved Steinmoen. Strekingen er rekna som særleg farleg eller vanskeleg for barn i 1. og 2. klasse. Strekingen er ikkje rekna som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for barn frå 3. – 10. klasse, med unntak av strekingen mellom Folkehøgskulen og Steinmoen. Den er rekna som særleg farleg eller vanskeleg for alle elevar opp til og med 5. klasse. Desse elevane kan gå via Haugstadgutu, Gol kyrkje og Golbergsgutu og ned Møllebakken.
  - d. Fv 2916 Heslasvingen - Steinmoen har gatelys, 60 og 50 km fartsgrense. Det er gangveg langs heile strekingen. Vegen er ikkje rekna som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
  - e. Rv 7/52 vestover har 60 og 80 km fartsgrense. Det er gangveg langs heile strekingen. Det er gatelys på delar av strekingen. Vegparsellen er rekna som ikkje særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
  - f. Sentrumsvegen/Rv 7 austover har 50 og 60 km. Det er veglys langs heile strekingen. I sentrum er det fortau. Langs riksvegen er det gangveg. Vegstrekingen er rekna som ikkje særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.
  - g. Møllebakken ned frå Gol Kyrkje og ned til kryssing ved rv 52 er ikkje definert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, heller ikkje om vinteren. Kryssinga av Rv 52 er rekna til å vera særleg farleg eller vanskeleg for born opp til og med 7. klasse . Desse elevane må følgje rundt Heslasvingen slik at dei ikkje treng å krysse riksvegen. Det er 50 km fartsgrense og gatelys på det aktuelle kryssingspunktet.
  - h. Skyssgrensa for 2.-10 klasse er ved Hallingdal Folkehøgskule, via Heslasvingen, Møllebakken og Haugstadgutu.
  - i. Skyssgrensa for 2.-7. klasse er i krysset Søre Øygardsveg-Langesetvegen, fordi desse elevane ikkje kan krysse rv 52, men må gå rundt Heslasvingen
  - j. Skyssgrensa for 8.-10 klasse er ved Søre Øygardsveg 214, fordi desse elevane kan krysse rv 52, og dermed gå den kortaste vegen ned Møllebakken.

#### **4. Søknad om skuleskyss**

1. Dette skal ikkje søkjast om skuleskyss for avstand heim skule på veglengde som overstig 2 eller 4 km. Dette blir det teke omsyn til ved innskriving av eleven. Dersom det er usemje om den faktiske avstanden mellom heim og skule, må det sendast klage til Brakar.
  - a. Klagen må innehalde namn og personopplysingar for eleven, fødselsnummer, adresse, kva klassetrinn det blir søkt for, og kva vegstreking som blir lagt til grunn for klagen. Det er kortast alminneleg farbar veg som skal leggjast til grunn.
  - b. Klagen om skyss skal stilast til Brakar og sendast Gol skule.
  - c. Brakar handsamar søknaden og opplyser om klagerett.

2. Søknad om skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg skal handsamast slik:
  - a. Søknaden må innehalde namn og personopplysingar for eleven, fødselsnummer, adresse, kva klassetrinn det blir søkt for og kva vegstrekning som blir lagt til grunn for søknaden. Det må opplysast kva punkt eller vegstykke som ein meiner er særleg farleg eller vanskeleg. Dersom det er forhold ved eleven som foreldra meiner skal vektleggjast, må foreldra dokumentere dette med legeattest eller annan sakkunnig uttale frå offentleg instans. Det er kortaste gangbare, alminneleg farbare veg som skal leggjast til grunn.
  - b. Søknad om skyss skal stilast til Gol kommune v/kommunalsjef for oppvekst og kultur og sendast Gol skule.
  - c. Kommunalsjefen gjer eit enkeltvedtak med innvilging eller avslag. Det skal opplysast om klagerett.
  - d. Søknadsfrist for dei som søker skyss pga. særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, er 1. april.
  
3. Søknad om skyss grunna endring av bustadadresse skal handsamast slik:
  - a. Dette skal meldast Gol skule som registrerer og melder dette vidare til Brakar.
  - b. Sjå elles punkt 1 ovanfor

## 5. Kommunen si årlege tilrettelegging

- Oppmode alle føresette ved skulestart om å unngå køyring til skulen
- Rullere ordensreglane som mellom anna regulerer sykkelbruk
- Gjennomføre gå-/sykle til skulen-aksjon i samarbeid med Helsestasjon og Frisklivkoordinator og Gol idrettslag
- Gjennomgå snarvegane og behov for utbetring (om våren).
- Vurdere å søke midlar for lokale trafikksikringstiltak i samarbeid med folkehelsekoordinator.

